

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035

# Kultur som drivkraft

Handlingsprogram 2+2 år, årleg rullering

*2023-2026*

Kultur // Idrett // Friluftsliv

ALVER KOMMUNE



# Handlingsprogram for 2 + 2 = 4 år

Handlingsprogrammet til *Kultur som drivkraft* skal sørgje for gjennomføring av måla og vegvala i samfunnsdelen, og den strategiske detaljeringa av desse i planens hovuddel, som har eit 12-årsperspektiv.

Handlingsprogrammet har eit kontinuerleg fire-årsperspektiv. Plan- og bygningslova seier at kommunedelplanars handlingsprogram skal rullerast kvart år. Slik skal me sikra framdrift, og at det til ein kvar tid treff samtida på ein relevant måte.

Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i overskriftene som sorterer måla og vegvala frå samfunnsdelen, og hentar sitt oppdrag frå *Kultur som drivkraft* sin strategiske hovuddel.

Handlingsprogrammet har eit grunnleggande perspektiv på 2 + 2 år. Dette betyr at me detaljerer sterkast for dei 2 første åra, der tiltaka skal vere modne for oppstart. Tiltaka i dei to påfølgande åra skal vere konkrete tiltak, men som ikkje er modne for oppstart eller som er tids- og ressursmessig prioritert til å starta noko seinare.

I rulleringar skal både aktivitetar og tiltak oppdaterast og justerast, og me kan legge til nye eller trekke ut tiltak som ikkje kunne gjennomførast. Me skal slik kunne justere kursen undervegs i planperioden.

**Omgrep i handlingsdelen**
*Aktivitetar* er strategiske handlingar innan eit innsatsområde, mens *tiltak* er dei einskilde konkrete delane av desse.

*Føresetnad* viser til kva som må til for å gjennomføre tiltaka
*Oppstart* viser til kva for tid me planlegg at det er aktuelt å starte arbeidet, utfrå naudsynte behov, prioriteringar og ressursar.

*Fagområde* viser til oppdelinga av den strategiske hovuddelen, som aktivitetane og tiltaka følgjer opp.

**Innhald**
Kultur- og idrettskommunen - s. 4
Møteplassar og aktivitet - s. 12
Inkludering og mangfald - s. 18
Dei store spørsmåla - s. 20

Foto: Johan Leiva

# KULTUR- OG IDRETTSKOMMUNEN

## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Støtta museumsfeltet | 1. Bidra økonomisk til naturrom Lygra<br>2. Støtta arbeid med migrasjonssener Sletta<br>3. Sjå etter høve for tomteplassering til regionalt magasin i Alver<br>4. Styrka formidlinga ved lokale mindre museum, og utgreie tiltak knytt til informasjon og utandørs digital formidling | 1. 2023-24<br>2. 2025-26<br>3. 2023-24<br>4. 2024-25 | 1. Økonomiplan/ tilskotshandsaming<br>2. Samarbeid MUHO<br>3. KPA og tilgjengelege tomter<br>4. Drift | 1. Kulturarv<br>2. Kulturarv<br>3. Kulturarv<br>4. Kulturarv |
| Styrka arbeidet for kulturarva | 1. Reforhandla avtale kulturverntenesta med mål om oppgåvesamarbeid<br>2. Ferdigstilla og operasjonalisera kulturmiljøplanen for Alver<br>3. Kartlegge ledig areal for oppbevaring av gjenstandar, dokumentasjon og arkiv, og avklare arkiv- og bevaringsstrategi<br>4. Utvikla Seimsbygda som historisk formidlingsområde<br>5. Start rehabilitera løa i Alversund som formidlingslokale<br>6. Utgreia tilbod i kulturskulen, som fokuserer på lokal tradisjonskultur<br>7. Utarbeida tiltaksplan for kommunale kulturminne, inkl. forbetringar, eventuelle sal, ny bruk, spørsmål om å overta bygg.<br>8. Styrka samarbeidet med frivilligheita om oppsyn og formidling av kommunale kulturminne<br>9. Førebu samarbeidsprosjekt om digitalisering av samlingar med sogelaga<br>10. Samarbeide med MUHO og Vestland fylket om oppdatert samlingsplan<br>11. Finna løysing for Mangerbåtutstillinga | 1. 2023<br>2. 2023-24<br>3. 2024-26<br>4. 2025-26<br>5. 2023-25<br>6. 2024<br>7. 2023-24<br>8. 2024<br>9. 2024-25<br>10. 2024<br>11. 2024-25 | 1. Samarbeid med MUHO, kommunane og VLFK<br>2. KPA<br>3. Drift<br>4. Samarbeid DKS, lokalmiljø og Kystpilgrimsleia<br>5. Finansert som del av Alversund skule<br>6. Som del av rammeplan<br>7. Drift<br>8. Drift<br>9. Drift<br>10. Drift<br>11. Drift, økonomiplan | 1. Kulturarv<br>2. Kulturarv, klima og miljø<br>3. Kulturarv<br>4. Kulturarv, friluftsliv<br>5. Kulturarv, kulturarenaar<br>6. Kulturarv, kulturskulen<br>7. Kulturarv, klima og miljø<br>8. Kulturarv, frivilligheit<br>9. Kulturarv, frivilligheit<br>10. Kulturarv, frivilligheit<br>11. Kulturarv |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla Alver kulturskule som samfunnsbyggjar og læringssenter | 1. Utvikla tyngdepunkta i Knarvik, Frekhaug, Manger og Lindås, og styrka desse som møteplassar og læringssentre for å auke deltakinga<br>2. Gjera tilpassingar i eksisterande bygningsmasse i Knarvik<br>3. Etablera undervisningsrom i kommunehuset på Manger<br>4. Utarbeida lokalt tilpassa rammeplan for kulturskulen<br>5. Justera rabattordning for låginntekt til friplassar<br>6. Etablera interkommunale samarbeid om talentprogram<br>7. Starte prosess for å opprette distriktsmusikarstilling<br>8. Etablera Fleire fargar-tilbod, basert på pilotarbeidet Fleire Fargar Alver 2018-2022<br>9. Analysere sal av direksjon/instruksjonstenester til t.d. kor og dansegrupper. | 1. 2024<br>2. 2023<br>3. 2024<br>4. 2023-24<br>5. 2024<br>6. 2025<br>7. 2023<br>8. 2024-25<br>9. 2024 | 1. Drift, økonomiplan<br>2. Vedlikehaldsplan<br>3. Økonomiplan<br>4. Drift<br>5. Rammeplan, økonomiplan<br>6. Rammeplan<br>7. Økonomiplan og samarbeid VLFK, nabokommunar<br>8. Drift, økonomiplan<br>9. Drift | 1. Kulturskule, kulturarenaar, musikk, kunst, scene<br>2. Kulturskule, musikk, kunst, scene<br>3. Kulturskule, musikk, kunst, scene<br>4. Kulturskule<br>5. Kulturskule, inkludering<br>6. Kulturskule<br>7. Kulturskule, musikk<br>8. Kulturskule, inkludering, mangfald<br>9. Kulturskule, musikk, kunst, scene, frivilligheit |

# KULTUR- OG IDRETTSKOMMUNEN

## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla Strilabiblioteket til Alver bibliotek | 1. Utvikla skaparverkstad Knarvik<br>2. Etablera Frekhaug bibliotek i kommunehuset i grunnplanlokala ut mot Frekhaug Torg<br>3. Førebu flytting biblioteket på Manger til kommunehus<br>4. Styrka satsingar på demokrati, offentleg samtale, arrangement, og oppsøkande formidling,<br>5. Styrka satsinga på oppdatering samling og sikre gode løysingar for digital formidling<br>6. Starta prosess ny bokbuss i dialog med Osterøy og eventuelt andre kommunar<br>7. Prosjekt samarbeid næringsliv og skaparfestival<br>8. Utvikla godt samarbeid med det flytande litteraturhuset Epos. | 1. 2024<br>2. 2023-24<br>3. 2024<br>4. 2023<br>5. 2024<br>6. 2023<br>7. 2024<br>8. 2023-24 | 1. Drift<br>2. Økonomiplan<br>3. Økonomiplan<br>4. Drift, større styrking kan kreve økonomiplan på sikt<br>5. Drift<br>6. Årstal viser til oppstart prosess. Økonomiplan<br>7. Drift<br>8. Drift | 1. Bibliotek, klima og miljø, inkludering og mangfald<br>2. Bibliotek<br>3. Bibliotek<br>4. Bibliotek<br>5. Bibliotek<br>6. Bibliotek, barnekultur<br>7. Bibliotek, næringsliv<br>8. Bibliotek |
| Utvikla kunstfeltet og visuell utsmykking av det offentlege rom | 1. Utarbeida kunststrategi for Alver<br>2. Prosjekt gatekunst/utsmykking med offentlege bygg og med næringslivet<br>3. Etablere fast del til kunst ved investeringar for å dra god nytte av kunstperspektiva tidleg i utforminga | 1. 2023-24<br>2. 2024-25<br>3. 2023 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Metodikk | 1. Kunst<br>2. Kunst<br>3. Kunst |
| Den kulturelle skulesekken, spaserstokk og bæremeis | 1. Rullera strategidokument for DKS, DKSS, DKM<br>2. Kartlegga og vurdera direktekommune for DKS<br>3. Etablera lokal kulturell bæremeis for Alver | 1. 2024<br>2. 2024<br>3. 2025 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Økonomiplan/KDP Oppvekst | 1. Barnekultur, kulturskule helse, kunst, musikk, scene<br>2. Barnekultur<br>3. Barnekultur |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla Alver frivilligsentralar | 1. Utarbeida frivlligstrategi for Alver<br>2. Samordning og felles profilering av frivilligsentralane<br>3. Vidareutvikla sentralane som friviligheitshus for sine nærområde.<br>4. Styrka frivilligsentralane som møteplassar mellom offentleg og frivillig sektorar, og som kommunale fagressursar for frivilligheitsfeltet | 1. 2024<br>2. 2023<br>3. 2023-24<br>4. 2024 | 1. Drift, KDP Helse<br>2. Drift<br>3. Drift, økonomiplan ved evt. større tiltak, vedlikehaldsplan<br>4. Drift | 1. Frivilligheit<br>2. Frivilligheit, inkludering og mangfald<br>3. Frivilligheit, inkludering og mangfald<br>4. Frivilligheit |
| Nytta innovasjon og pilotering som utviklingsverktøy | 1. Pilotera og utvikla tiltak innan kulturtenestene som aktivt utviklar nye tilbod og aktivitet.<br>2. Styrka IKKUS-samarbeidet som arena for utvikling og samarbeid<br>3. Støtta organisasjonsliv og næringsliv i utvikling av nye tilbod og løysingar | 1. 2023-26<br>2. 2023-26<br>3. 2023-26 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift | 1. Fleire<br>2. Fleire<br>3. Frivilligheit, kulturnæring |
| Auke kunnskap og kompetanse | 1. Etablera nye nettverk og møteflatar, særleg knytt til arrangørar og kulturnæringar<br>2. Styrka kompetansen på digital formidling, visuell kommunikasjon og sosiale medier<br>3. Fokusera IKKUS-samarbeidet for kompetanseutveksling<br>4. Vidareutvikle Meieriet Frekhaug som aktivitets- og kompetansehus for kulturområdet i Alver<br>5. Samarbeide med forskings- og utdanningsinstitusjonar om praksis, målretta utdanningar og forskingsprosjekt | 1. 2024<br>2. 2023<br>3. 2023<br>4. 2023-24<br>5. 2025 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift<br>5. Drift | 1. Kulturnæring, scene, musikk<br>2. Fleire<br>3. Fleire<br>4. Scene, musikk,kulturarenaar kulturnæring, frivilligheit, kulturskule, ungdom<br>5. Kulturskule, idrett |

# KULTUR- OG IDRETTSKOMMUNEN
## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla tilskotsordningane og stipenda | 1. Vidareutvikla og styrke breie målretta tilskotsordningar til kultur og idrett, for frivillig kulturretta sektor, amatør, profesjonell, arrangørar og kulturnæringar, samt ordningar som reduserer sosio-økonomiske barrierar<br>2. Etablera ungdomspris<br>3. Gjeninnføra forskottering for spelemidlar til anlegg, som støtter planmåla | 1. 2024-25<br>2. 2024<br>3. 2026 | 1. Økonomiplan<br>2. Drift<br>3. Økonomiplan | 1. Idrett, frivilligheit, næring, musikk, scene, kunst, kulturarv<br>2. Ungdom, kulturskule<br>3. Idrett, musikk |
| Utvikla Nynorskkommunen Alver | 1. Utarbeide språkbruksplan<br>2. Starte utviklinga av Nynorskdagane til større kommunal kulturfestival | 1. 2023<br>2. 2023-24 | 1. Drift, tverrsektoriell arbeid<br>2. Drift, økonomiplan | 3. Tverrsektorielt<br>4. Frivilligheit, musikk, kunst, scene, kulturarv |
| Utvikla oss innan scenekunst, film og litteratur | 1. Styrka satsing på barneteater og utvikla samarbeid om produksjonar tilpassa eksisterande sceneinfrastruktur<br>2. Støtta Alverrevyen som felles arena for revyfeltet<br>3. Støtte initiativa innan utandørs spel<br>4. Styrka fokuset på lokalt forfattarskap i formidling | 1. 2023-24<br>2. 2023<br>3. 2023<br>4. 2023 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift, spel Eikanger<br>4. Drift | 1. Barnekultur, scene<br>2. Scenekunst...<br>3. Scenekunst...<br>4. Scenekunst..., bibliotek |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla idrettsaktivitet og aktive kvardagar | 1. Starta samarbeid med idretten med mål om å auka deltakinga i barneidretten, mellom anna om høva for meir organisert aktivitet i SFO, breiare tilbod, gratis tilbod for barn i tidleg skulealder og utjamning av kjønnsforskjellar når det gjeld deltaking.<br>2. Evaluera utleigereglement og prisstruktur for å sikre fleire i aktivitet, også for vaksne i opne trimgrupper.<br>3. Innarbeida e-sport i aktuelt arbeid, som organisert aktivitet på line med idretten<br>4. Vidareutvikla kvaliteten og tilgjengelegheita til offentlege svømmetilbod i eksisterande basseng, med aktiv tilrettelegging for frivillig drift der det er aktuelt, og mål om lenger sesonglengde i Radøyhallen<br>5. Vidareutvikla samarbeidet mellom utstyrssentralane, friluftsorganisasjonane og idrettslaga.<br>6. Auka tilsynet i Nordhordlandshallen, i samarbeid med frivilligheita. | 1. 2023<br>2. 2023<br>3. 2023<br>4. 2023-25<br>5. 2023-24<br>6. 2024 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift, sesonglengde er økonomiplan<br>5. Drift<br>6. Økonomiplan | 1. Idrett, frivilligheit, inkludering og mangfald<br>2. Idrett, frivilligheit<br>3. Idrett, ungdom<br>4. Idrett, frivilligheit<br>5. Idrett, frivilligheit, klima og miljø, inkludering og mangfald.<br>6. Idrett, frivilligheit |

# KULTUR- OG IDRETTSKOMMUNEN

## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla publikumstilbod og arrangement | 1. Støtta nye initiativ, og utvikla samarbeida med arrangørar, som t.d. Knarvikmila, Bøkelyden, Kunstrunden, Ullveka, Mangerfestivalen, samt ulike idrettsarrangement.<br>2. Auka kulturtilbodet i kommunale kulturbygg<br>3. Vidareutvikla Nynorskdagane, med mål om ein gradvis større kulturfestival for heile Alver<br>4. Vidareutvikla bygdekinotilbodet på Manger, og støtte lokale initiativ, kino og filmframsyning<br>5. Vidareutvikla UKM Nordhordland | 1. 2023-24<br>2. 2023-24<br>3. 2023-24<br>4. 2024<br>5. 2023 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift<br>5. Drift | 1. Idrett, scenekunst..., musikk, friviligheit, kulturnæring, friluftsliv, ungdom, barnekultur<br>2. Scenekunst, barnekultur, musikk, ungdom<br>3. Frivilligheit, musikk, kunst, scene, kulturarv<br>4. Scenekunst...<br>5. Ungdom, musikk, scenekunst, kunst |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla kulturnæringa | 1. Arbeida på tvers av kommunane for å minske kulturlekkasjeproblematikk<br>2. Vidareføra og utdjupe ordningar for kulturnæringane, òg med omsyn til enkeltpersonsforetak<br>3. Nytta seg av lokale kultur- og reiselivsnæringar, og fokusera på dette som innkjøpar, samarbeidspart og samfunnsutviklar<br>4. Inkludera kulturnæringane som aktiv part i utviklinga av kulturfeltet i Alver | 1. 2024<br>2. 2023<br>3. 2023<br>4. 2023 | 1. Drift, samarbeid IKKUS<br>2. Drift<br>3. Drift, innkjøp<br>4. Drift | 1. Kulturnæring<br>2. Kulturnæring<br>3. Kulturnæring<br>4. Kulturnæring |
| Utvikla internasjonale samarbeid | 1. Prosjekt Kreativt Europa - lokale ressursar, kunsthandverk og erverv, som pilot for framtidig arbeid<br>2. Internasjonalt ungdomsarbeid<br>3. Utdjupe kulturens rolle i Nordhordland biosfæreområde, og trekke vekslar til internasjonale kultursamarbeid | 1. 2023<br>2. 2024<br>3. 2025 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift | 1. Kulturarv, kunst, klima og miljø<br>2. Ungdom<br>3. Kulturarv, friluftsliv, klima og miljø |

# MØTEPLASSAR OG AKTIVITET

## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla kulturtilbod i Manger kommunehus | 1. Ta i bruk opprusta kinosal til film, konsertar og samlingar<br>2. Førebu for flytting av bibliotek og kulturskuleundervising til delar av bygget<br>3. Vidareutvikle utstyrssentral som del av bygget<br>4. Førebu møteplass uteareal | 1. 2023<br>2. 2023<br>3. 2023<br>4. 2024 | 1. Drift<br>2. Drift, flyttinga er økonomiplan<br>3. Drift<br>4. Drift, gjennomføring er økonomiplan | 1. Scenekunst, musikk, kulturskule, bibliotek, ungdom, barnekultur<br>2. Bibliotek, kulturskule, frivilligheit<br>3. Idrett, inkludering og mangfald, klima og miljø |
| Utvikla dei kommunale kulturarenaene | 1. Kartlegga lokala akustisk, som førebuing for akustisk tiltaksplan. Utarbeida akustisk tiltaksplan<br>2. Leggja til rette for mindre oppgraderingar som organisasjonane ønskjer å utføre<br>3. Justera arealformåla for Musikkhuset i Knarvik og støtta og leggje til rette for vidare utvikling av bygget til musikkformål<br>4. Utvikla nye Alversund skule til eigenorganisert musikkaktivitet<br>5. Utvikla øvings- studio og preproduksjonsrollea for Meieriet Frekhaug<br>6. Kasta lys på musikkformål i Osterhallprosjekt<br>7. Kasta lys på og ta omsyn til kultur/musikk/ idrettsinteresser gamle Alversund skule<br>8. Etablere fysisk skilje Hjarterommet / inngang Arena | 1. 2024-25<br>2. 2023-26<br>3. 2023-24<br>4. 2023-24<br>5. 2024<br>6. 2025<br>7. 2023-24<br>8. 2023-24 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. KPA<br>4. Drift<br>5. Drift<br>6. Planlegging oppstart<br>7. Reguleringsarbeid<br>8. Økonomiplan | 1. Musikk, kulturskule<br>2. Musikk, frivilligheit, kulturskule<br>3. Musikk, frivilligheit, kulturarenaar<br>4. Musikk, ungdom<br>5. Musikk, scenekunst, kulturarenaar<br>6. Musikk, frivilligheit<br>7. Musikk, idrett, kulturarv, kunst, frivilligheit<br>8. Musikk, scenekunst, kulturarenaar |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla møteplassar for eigenorganisert aktivitet og opphald i etablerte senter | 1. Starta konseptprosjekt for etablering av sosiale og aktive møteplassar i sentera | 1. 2024 | 1. Drift | 1. Idrett, ungdom, inkludering og mangfald, kunst |
| Skapa ei heilskapleg anleggsutvikling for idrett | 1. Drifta og utvikla Anleggsstrategi for Alver som strategisk-operativt plandokument<br>2. Evaluera konseptinnhald Osterhallen<br>3. Prioritera utvikling av arealreservar Knarvik stadion i lag med idretten<br>4. Kasta lys på idretts- og kroppsøvingsfasilitetar ny ungdomsskule på Frekhaug<br>5. Sikra alternativt areal for fotballbanen gamle Alversund skule<br>6. Sikra naudsynte nye arealreservar til idrett<br>7. Legge til rette for arenaar for e-sport, i samarbeid med miljøet, idretten og ungdomsklubbane | 1. 2023<br>2. 2024<br>3. 2023-24<br>4. 2023-24<br>5. 2023-24<br>6. 2023-24<br>7. 2023-2 | 1. Drift<br>2. Planlegging oppstart<br>3. Drift<br>4. Planlegging skule<br>5. KPA<br>6. KPA<br>7. Drift | 1. Idrett, kulturarenaar<br>2. Idrett, kulturarenaar<br>3. Idrett<br>4. Idrett<br>5. Idrett<br>6. Idrett<br>7. Idrett, ungdom |

# MØTEPLASSAR OG AKTIVITET
## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Utvikla UngAlver og ungdomskommunen | 1. Etablera fleire samarbeid med skule og organisasjonar rundt klubbane, med mål om ungdomsklubbane som sterkare kraftsenter for ungdom og barn i lokal- og kommunesentera<br>2. Utvida opningstider på klubbane, inkludert juniortilbod<br>3. Flytta ungdomsklubb frå Alversund til Knarvik, samarbeide med VGS, kyrkja og bibliotek om etablering.<br>4. Kasta lys på ungdomsaktivitet inn til Osterhallprosjektet<br>5. Vidareutvikla ferieaktivitetar og open hall i lokal- og kommunesentera<br>6. Vidareutvikle og utdjupa samarbeidet UngAlver / SALTO<br>7. Utvikla ungdomsklubbane som arena for sosial gaming, i samarbeid med tilboda i frivilligheita | 1. 2024-25<br>2. 2025-26<br>3. 2024-25<br>4. 2025<br>5. 2023-25<br>6. 2024-25<br>7. 2023 | 1. Drift<br>2. Økonomiplan<br>3. Drift<br>4. Drift, oppstart planlegging<br>5. Drift, økonomiplan<br>6. Drift<br>7. Drift | 1. Ungdom, frivilligheit, inkludering og mangfald<br>2. Ungdom, barnekultur, inkludering og mangfald<br>3. Ungdom, inkludering og mangfald<br>4. Ungdom<br>5. Ungdom, barnekultur, inkludering og mangfald<br>6. Ungdom, inkludering og mangfald<br>7. Ungdom, frivilligheit |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Følgja opp dei større tiltaka i temaplan Friluftslivets ferdselsårer | 1. Ferdigstilla turveg Byngja<br>2. Etablera badstu Byngja<br>3. Starte førebuing sherpatrappar Eldsfjellet og Indregardsfjellet, i samarbeid med frivilligheit og næringsliv.<br>4. Etablera parkeringsplassar friluftsliv land og sjø<br>5. Etablera mindre flytebrygger og utsettingsplatformar for kajakk/kano<br>6. Førebu ny løysing for turvegprosjektet på Frekhaug | 1. 2023<br>2. 2024<br>3. 2024<br>4. 2024<br>5. 2025<br>6. 2024-25 | 1. I prosess<br>2. VLFK, økonomiplan<br>3. Drift, gjennomføring er økonomiplan<br>4. Drift, økonomiplan<br>5. Drift, økonomiplan<br>6. Drift, gjennomføring er økonomiplan | 1. Friluftsliv, inkludering og mangfald<br>2. Friluftsliv<br>3. Friluftsliv<br>4. Friluftsliv<br>5. Friluftsliv<br>6. Friluftsliv, inkludering og mangfald |
| Utvikla friluftskommunen | 1. Gjennomføra mindre tiltak temaplan Friluftslivets ferdselsårer<br>2. Etablera mobile tilbod, aktivitetar og satelittar utstyrssentralane<br>Etablera aktivitetar i samarbeid med frivilligheita<br>Kano-/kajakkhengarar for betre tilgjengelegheit<br>Vurdera stadar utstyrssatelittar<br>Vurdera hentepunktar lokalsenter- og kommunesenter når høg aktivitet<br>Initiera samarbeid i Nordhordlandsregionen<br>3. Støtte opp arbeidet med kommandantbustaden på Håøy, og søkje etter samarbeid om bruk<br>4. Vidareutvikla friluftsområda ved sentera, og kartlegga og kaste lys på moglegheiter for betre tilgang til sjøfriluftsområde Knarvik og Lindås<br>5. Kartlegge sikringsbehov nye område ved sentera<br>6. Utvikla dagsturhyttene som regionale turmål<br>7. Støtta opp om arbeidet med ivaretaking og vidareutvikling av Lindås sjøslusar, sikra tilgjenge for ålmenta og søkje samarbeid med offentlege, ideelle og private aktørar i arbeidet. | 1. 2023<br>2. 2023<br>3. 2023<br>4. 2024<br>5. 2023<br>6. 2025<br>7. 2024 | 1. Drift<br>2. Drift, økonomiplan<br>3. Drift<br>4. Drift<br>5. Drift<br>6. Drift, gjennomføring økonomiplan<br>7. Drift | 1. Friluftsliv<br>2. Friluftsliv, klima og miljø, inkludering og mangfald, frivilligheit<br>3. Friluftsliv<br>4. Friluftsliv, inkludering og mangfald<br>5. Friluftsliv, inkludering og mangfald<br>6. Friluftsliv<br>7. Kulturarv, friluftsliv |

# MØTEPLASSAR OG AKTIVITET

## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Støtta utvikling og aktivitet i samfunnshusa | 1. Dialog med samfunnshusa: Utdjupe rolla, fellesskapet og rekkevidda husa har som lokale kulturbygg, kartlegga behov og moglegheiter | 1. 2024 | 1. Drift | 1. Kulturarenaar, frivilligheit |
| Mellombels bruk av gamle Alversund skule | 1. Halda fram utleige til aktivitet for frivilligheita og kulturnæringar på mellombels basis, til dagens leigetakarar og nye.<br>2. Etablera eigne mindre utleigeareal for kulturnæring og grunderverksemd<br>3. Samarbeid med leigetakarar om mindre tiltak i bygget<br>4. Støtte opp under offentleg badetilbod | 1. 2023-24<br>2. 2023-24<br>3. 2023-24<br>4. 2023-24 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift | 1. Kulturarenaar, musikk, kulturarv, kunst, idrett<br>2. Kulturnæring<br>3. Fleire<br>4. Idrett |

# INKLUDERING, MANGFALD OG LIVSSYN

## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Senka tersklar for å delta | 1. Vidareutvikla utstyrssentralane og frivilligssentralane som inkluderingsaktørar, særleg for låginntektsgrupper og flyktningar<br>2. Søkja etter etablering av aktivitetskort Alver og opprette fleire friplassar og fritilbod<br>3. Utarbeida demokrati- og medverknadsstrategi for ungdom | 1. 2024-25<br>2. 2024-25<br>3. 2024 | 1. Drift<br>2. Drift, økonomiplan for styrking<br>3. Drift, økonomiplan ved gjennomføring | 1. Inkludering og mangfald, klima og miljø<br>2. Inkludering og mangfald<br>3. Ungdom, inkludering og mangfald |
| Etablera musikkterapisenter Alver | 1. Samordne arbeidet innan helse, kulturskule og helsehuset med mål om heilskapleg utnytting av ressursar og kompetanse | 1. 2024 | 1. Drift | 1. Kulturskule, inkludering og mangfald |
| Utvikla digital formidling og system | 1. Inkluderande formidlingsløysingar med basis i nye publikumssystem biblioteka<br>2. Utvikla fjerntilgang utstyrssentralane<br>3. Auka informasjonstiltak på ulike platformar<br>4. Innføra læringsplatform kulturskulen | 1. 2024-25<br>2. 2023-24<br>3. 2023-24<br>4. 2025 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Rammeplan | 1. Bibliotek, inkludering og mangfald<br>2. Inkludering og mangfald, klima og miljø<br>3. Fleire<br>4. Kulturskule |
| Vidare utvikle jobbtilbod for ungdom | 1. UngJobb i ei ny tid - utvikla UngJobb vidare i samarbeid med kommunale tenester og næringslivet | 1. 2024 | 1. Drift, større styrking er økonomiplan | 1. Ungdom, inkludering og mangfald |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Vidareutvikla og sikra MOT | 1. Organisera ressursar MOT Alver, utarbeida strategi for framtidig drift og utvikling<br>2. Etterspørje materiell på nynorsk frå MOT sentralt | 1. 2023-24<br>2. 2023-24 | 1. Drift, Økonomiplan | 1. Ungdom, inkludering og mangfald |
| Støtta livssynsopne Alver | 1. Sikra informasjon til livssynsaktørane når det gjeld ordningar, tiltak og samarbeid innan kulturfeltet<br>2. Meieriet Frekhaug som seremonirom<br>3. Støtta opp under kunst-, kultur- og kulturarvsaktivitetar og prosjekt i regi av kyrkja og kulturformidlarar i meinigheiter og trussamfunn.<br>4. Vidareføra at bygg og lokale som vert brukt av trus- og livssynssamfunn, og som har opne tilbod, omfattast av ålmenne ordningar innan kulturfeltet | 1. 2023<br>2. 2023<br>3. 2023<br>4. 2023 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift | 1. Livssyn<br>2. Livssyn<br>3. Livssyn, kulturarenaar<br>4. Kulturarenaar |
| Vidareutvila mangfaldskommunen | 1. Vidareutvikla tverrsektorielle samarbeid for tilbod og inkluderande arenaar for flyktningar, i samarbeid med sosiale tenester, kyrkja og frivilligheita<br>2. Ta initiativ til Internasjonal kafe og liknande, fleire stadar i Alver<br>3. Kartlegga deltaking blant flyktningar i organiserte tilbod, og utgreia behov for eigne tiltak saman med idretts- og kulturliv.<br>4. Aktivt støtta og inkludera markeringar for likeverd og mangfald | 1. 2023<br>2. 2024<br>3. 2024<br>4. 2023-24 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift | 1. Inkudering og mangfald<br>2. Inkludering og mangfald<br>3. Inkludering og mangfald, idrett, musikk, kulturskule, frivilligheit<br>4. Inkludering og mangfald |

# DEI STORE SPØRSMÅLA

## Oppfølging av delmål og strategiar 2023-2026

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Greia ut kulturhus i sambruk med ny vidaregåande skule | 1. Starte intensjons- og kartleggingsdialog i lag med VLFK<br>2. Initiera dialog og samarbeid med næringslivet og frivilligheita<br>3. Oppdatera behov, funksjon og romprogram<br>4. Vurdera moglege tomtealternativ<br>5. Etablera tidsplan for gjennomføring av kulturhus i lag med samarbeidspartar, og tidfesta milepælar. | 1. 2023<br>2. 2024<br>3. 2024<br>4. 2023-24<br>5. 2024-25 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift<br>5. Drift | 1. Kulturarenaar<br>2. Kulturarenaar<br>3. Kulturarenaar<br>4. Kulturarenaar<br>5. Kulturarenaar |
| Redusera klimagassutslepp og miljøavtrykk for kultursektoren | 1. Kulturmiljøplanen som strategigrunnlag for gjenbruk av eksisterande bygningsmasse<br>2. Utstyrssentralar som utsleppsreduserande tiltak, i samband med Miljøløftet og grønn mobilitet<br>3. Prosjekt berekraftspartnarar for samarbeid om utstyrssentralar og delingsordningar<br>4. Fastsetje miljøkrav for arrangørar i kommunale anlegg og for tilskotsordningar<br>5. Tiltak idrettsanlegg for å støtte miljøkrav | 1. 2023-24<br>2. 2023-24<br>3. 2023-24<br>4. 2023-24<br>5. 2023-26 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift<br>4. Drift<br>5. Drift, større styrking er økonomiplan | 1. Kulturarv, klima og miljø<br>2. Klima og miljø<br>3. Klima og miljø<br>4. Klima og miljø<br>5. Klima og miljø, idrett |

| Aktivitet | Tiltak | Oppstart | Føresetnad | Fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Støtta etablering av svømmehall i Knarvik | 1. Følgja vidare opp intensjonsvedtak om Alverbadet<br>2. Aktivt støtta Alverbadet i arbeidet med å jobbe fram svømmehall<br>3. Legge tilrette for dialog mellom idrett, Alverbadet og kommunen for etablering av driftsmodellar | 1. 2023-24<br>2. 2023-24<br>3. 2023-24 | 1. Drift<br>2. Drift<br>3. Drift | 1. Idrett<br>2. Idrett<br>3. Idrett |
| Førebu oss til nasjonalpark Masfjordfjella | 1. Kartlegga naudsynt tilrettelegging, og førebu kunnskap til forvaltingsplan<br>2. Forbetra tilkomst til Fjelde gard, opne løa på garden og sjå etter frivillig engasjement for hovudhuset, i samarbeid med turlaget og Eviny. | 1. 2024<br>2. 2023-24 | 1. Drift<br>2. Drift | 1. Friluftsliv<br>2. Friluftsliv |

ALVER KOMMUNE

Pb. 4- 5906 - Frekhaug

**alver.kommune.no**